



Sykkylven kommune

Tekniske tenester

«UTLANDSADRESSE»

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar dato: «REFDATO»
Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 25.03.2019
Vår ref.: 2018/389-3210/2019
Klassering: L13

Saksbeh.: Arild Sunde Rinnan
Telefon: 70 24 67 12

Moglege løysingar for nordlege del av Sjurvegen i samband med pågåande planarbeid på Grebstadvegen

Som de tidlegare har fått oppstartsvarsel om, så er det ein pågåande reguleringsplanprosess for Grebstadvegen. Nordplan AS er i prosess med å utarbeide eit planforslag på vegne av Sykkylven kommune. I samband med dette reguleringsarbeidet blir det sett på å gjere krysset Grebstadvegen-Kagholvegen- Sjurvegen til eit meir oversiktleg og trafiktrygt kryss.

Det er difor vurdert å stenge nordlegaste del av Sjurvegen og lage ein ny tilkomstveg til Sjurvegen på austsida av eigedom gnr. 7 bnr. 26. Dette kan gje ei meir trafiktrygg og framtidretta løysing for tilkomst til eksisterande og mogleg framtidig bustader i området.

Grunnen til at kommunen kontaktar de på dette stadiet i planprosessen, er at det er vurdert ulike løysingar på kvar det er best å gjennomføre stenging av nordlege del av Sjurvegen.

Eigedomane gnr.7 bnr.26 (7/26) og gnr.7 bnr.232 (7/232) har begge areal som ligg i den bratte bakken i starten av Sjurvegen. Begge eigedomane har parkeringsareal rett ved avkjørsla og 7/232 har også tilkomst/parkering på nedsida av huset midt i denne bakken.

Det er skissert opp 3 moglege løysingar kvar stenginga av Sjurvegen kan skje. Før Nordplan og kommunen går vidare i prosjektet ønskjer kommunen å gje de som har eigedom i denne bakken moglegheit til å uttale seg om dei skisserte løysingane, kva de ser på som den mest gunstig løysinga eller om de har andre løysingar som kommunen bør vurdere. Slik kommunen vurderer det så blir det ikkje aktuelt å både oppretthalde eksisterande tilkomst for Sjurvegen i nord og samtidig etablere ein ny tilkomst aust for 7/26 i samband med utbygging av Grebstadvegen.

Her er dei tre løysingane som kommunen vurderer (vedlagte illustrasjonsskisser er ikkje nøyaktig, men viser prinsippet. Spesifikk utforming må ein eventuelt komme tilbake til i reguleringsplanen eller i byggesaka til ny Grebstadveg)

Forslag 1:

Vegen blir fysisk stengt ved krysset (der «Privat veg» skiltet står i dag). Dette vil gje den mest trafiktrygge løysinga for krysset Kagholvegen/Grebstadvegen. All tilkomst til 7/26 og 7/232 må då skje via den nye tilkomstvegen. Kommunen ser at dette kan vanskeliggjere bruk av parkeringsareala inn mot krysset Kagholvegen/Grebstadvegen og på nedsida av 7/232, spesielt på vinterstid.

Forslag 2:

Vegen blir fysisk stengt midt i bakken. Parkeringsareala lengst mot nord får tilkomst noko tilsvarande som i dag, medan nedsida av 7/232 og resterande areal vil få tilkomst via den nye tilkomstvegen aust

for 7/26. Der vegen blir stengt kan det vere eit alternativ å bygge opp og flate ut nivået for å gje nedsida av 7/232 ein flatare tilkomst. Kanten må sikrast.

Forslag 3:

Vegen blir fysisk stengt øvst i bakken og moglegens bygd opp noko for å komme i nivå med innkøyringa til garasja til 7/26. Tilkomst til parkeringsareala mot krysset Kagholvegen/Grebstadvegen og på nedsida av 7/232 vil få sin tilkomst frå nord, noko tilsvarende dagens løysing. Resterande areal vil få tilkomst via den nye tilkomstvegen aust for 7/26.

Om de har tankar eller innspel til dei tre skisserte løysingane eller forslag til andre løysinger, send ei skriftleg tilbakemelding til postmottak@sykkylven.kommune.no eller Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven, innan 10.04.2019. Merk tilbakemeldinga med «Tilbakemelding om Sjurvegen, sak 2018/389».

Kommunen gjer merksam på at denne førespurnaden er ein del av førebuingane til saken og er ikkje ein del av det offentlege ettersynet som kjem seinare. I det offentlege ettersynet blir det mogleg å kome med merknader knytt til planforslaget.

Med helsing

Bjarte Hovland
einingsleiar

Arild Sunde Rinnan
arealplanleggar

Mottakarar av dette brevet er:
Skjold Lyshol (7/26)
Dan Ronny Wilhemsen (7/232)
Tone Anita Grebstad (7/1)

Forslag 1:



Forslag 2:



Forslag 3:



Dato:01.04.2019

Til Sykkylven Kommune.

Tekn.etat

Kyrkjevegen 62

6230 Sykkylven

Viser til brev av 25.03.19 frå arealplanleggar Arild Sunde Rinnan

Fysisk stenging av vår tilkomst til våre eigedomer (3 alternativ) kommer ikkje på tale.

Alternativ tilkomst vil medføre store ulemper hver eneste dag, siden alt er orientert mot krysset til kagolvegen, så som utkjøringer fra garasjer, oppstillingsplasser for biler, kjøre tilkomst for leigetaker, merkostnader ang. snøbrøyting m/m. Dette vil medføre ei betydelig verdi forringelse av våre eigedommer.

Vi er ikkje imot ei omlegging av Sjurvegen fra våre eigedommer dvs. offentlig gjennomgangs trafikk osv.

Krysset fra våre eigedommer til Kagolvegen er svært oversiktelig, og det har ikkje skjedd uhell så lenge vi har bodd her. Bruksnummer 7/26 over 50 år 7/232 ca.30år.

Forslag fra oss er att gjennom kjøring forbudt skilt blir satt opp slik som mange andre eigedommer og trafikk bilde generelt.

VH.

Dan-Ronny Wilhelmsen

Dan-Ronny Wilhelmsen

Skjold Lyshol

Skjold Lyshol

Tone Anita(Grunneigar)

Tone A. Grebstad.